

FAGFORBUNDET AURLAND – NORSK SYKEPLEIERFORBUND, AURLAND DELTA, AURLAND - UTDANNINGSFORBUNDET , AURLAND

Dei fire ovannemnde fagorganisasjonane representerar det store fleirtalet av tilsette i Aurland kommune, og for å ivareta dei tilsette sin posisjon i ein intensjonsavtale vil ein at punkta nedanfor vert teke inn i avtalen under punktet Arbeidsgjevar.

INTENSJONSAVTALE AURLAND –VOSS – VIK 22.02.16

Arbeidsgjevarpolitikk:

- Ein er samd om å etablere ein arbeidsgjevarpolitikk som eintydig legg vekt på realiteten om at det er tre ulike organisasjonskulturar som skal utviklast til ein felles organisasjonskultur i den nye kommunen.
- Arbeidsgjevarpolitikken i den nye kommunen skal bidra til å samle, utvikle og gje likeverdige tilbod og rammer til arbeidstakarane frå dei tre noverande kommunane.
- Arbeidsgjevarpolitikken i den nye kommunen skal tene til å skape og utvikle gode relasjonar mellom ny arbeidsgjevar og dei tilsette i dei tre noverande kommunane.
- Arbeidsgjevarpolitikken i den nye kommunen skal synleggjere korleis ein vil ivareta medråderetten til tilsette, gjennom ordninga med tillitsvalde, og etter lov og avtaleverk.
- Arbeidsgjevarpolitikken i den nye kommunen skal synleggjere korleis ein vil utvikle og vektlegge eit godt trepartssamarbeid mellom politikarar, administrasjon, fagforeningar for å utvikle den nye kommunen og kommunale tenester.

Konkret betyr dette:

- At den etter intensjonsavtalen nye kommunen aksepterar og vidarefører tilsette sine noverande og framtidige rettar, og etter til ei kvar tid gjeldande lov og avtaleverk.
- At den etter intensjonsavtalen nye kommunen garanterar, og gjev tilbod til alle tilsette i dei tre noverande kommunane om å halde fram i same stilling, i same stillingsstorleik og same tidsperiode som dei har ved dato for underteikning/og eller vedtak i kommunestyre av intensjonsavtale i dei noverande kommunane, og at ingen skal seiast opp.
- At den etter intensjonsavtalen nye kommunen etter vedtak i kommunestyret i noverande kommunar gjennomfører ei kartlegging for å få oversikt over

dobbel/trippelfunksjonar, og eventuell overtall av tilsette av desse og andre grunnar.

- At den etter intensjonsavtalen nye kommunen garanterar og gjev tilbod til alle noverande tilsette i dei tre kommunane som eventuelt vert overtallige om anna høveleg arbeid i kommunen. Tilbodet om anna arbeid skal stå i høve til den stilling, funksjon og utdanning som den overtallige har, og i høveleg avstand frå bustad.
- At den etter intensjonsavtalen nye kommunen aksepterar at ingen tilsette skal gå ned i løn.
- At den etter intensjonsavtalen nye kommunen aksepterar at effektiviseringstiltak som råkar tilsette vert realisert gjennom frivillige avtalar eller naturleg avgang.
- At den etter intensjonsavtalen nye kommunen skal harmonisere eventuelle lønsskilnadar blant dei tilsette innafor same yrke/fag/stilling/funksjon i dei tre noverande kommunane. Vidare aksepterar at eventuelle skilnadar i løn som er av ein storleik som vanskeleg let seg harmonisere i store grupper vert vidareført som særavtale for den tilsette.
- At den etter intensjonsavtalen nye kommunen gjev garanti for at alle tilsette framleis skal vere sikra offentleg tenestepensjon gjennom KLP.
- At den etter intensjonsavtalen nye kommunen/ dei tre noverande kommunane skal opprette eit partssamansett utval nemd i Indelingslova § 26, og etter Kommuneleva § 25 og HA del B § 4 og AML, spes kap 2 og 4. Det felles partsamansette utvalet skal handsame alle saker som gjeld tilhøvet mellom den nye kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette.
- At den etter intensjonsavtalen nye kommunen/ dei tre noverande kommunane sitt felles partssamansett utval får mandat til å gjennom, harmonisere og eventuelt utarbeide nytt materiale vedrørande:

- ❖ Arbeidsgjevarpolitikk
- ❖ Lønspolitikk
- ❖ Personalpolitikk
- ❖ Kompetanseplanar
- ❖ Retningsliner for nedbemanning
- ❖ Reglement og retningsliner

Opplistinga er ikkje uttømmande.

For

Fagforbundet Aurland , Norsk Sykepleierforbund Aurland, Delta Aurland,
Utdanningsforbundet Aurland

Hallgeir Høydal

VEDLEGG NR.	01 (01)
Arkiv.sak ID:	16 1241-01
Klassering:	NM-VIK 05 VOS
	KOMMUNE 001